



SUND KOMMUNE  
Postboks 23  
5371 SKOGSVÅG

Dato: 07.06.2017  
Vår ref.: 2017/3824-9  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til høyring av planprogram for rullering av kommuneplanens arealdel - Sund kommune

Vi viser til brev datert 25.april 2017 om varsel om oppstart av arbeid med rullering av kommuneplanens arealdel og høyring av planprogram. Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Generelt

Gjeldande kommuneplan for Sund kommune vart vedteke i 2011. Kommunen ynskjer no å rullere kommuneplanens arealdel for å gjøre planen betre eiga som styringsverktøy for dei framtidige utfordringane i kommunen. Tema for rullinga er bustadutvikling, næring, akvakultur, og å leggje tilrette for god tilgang til sjø for allmenta.

Planprogrammet som ligg føre inneholder dei elementa som bør være med i eit planprogram. Gjennom dokumentet gjev kommunen informasjon om dei overordna føringane, prioriterte plantema, og kva slags behov det er for utgreiingar. Dei regionale føringane for planarbeidet er skildra i dokumentet.

Planprogrammet inneholder også informasjon om korleis kommunen planleggjar framdrifta av planarbeidet og korleis det skal leggjast til rette for medverknad. Vi ber om at kommunen legg vekt på god informasjon om korleis ein kan kome med innspel.

Det er viktig med eit god samsvar mellom kommuneplanens samfunnssdel og arealdel. I 2013 gjorde kommunen vedtak om at samfunnssdelen skal rullerast. Planprogrammet kunne med fordel hatt ei tydelegare skildring av forholdet mellom kommuneplanens samfunnssdel og arealdel.

Vi minner om at det i arealdelen bør ein gjerast ein vurdering av arealbruken med eit heilskapleg fokus der ein både ser på nye innspel og tidlegare vedtekne, ikkje utbygde areal. På denne måten kan ein vurdere kva areal som skal oppretthaldast, om det er naudsynt å ta ut enkelte areal, samt kvar og kor det bør tilførast nye. Planprogrammet kunne med fordel skildra kva slags prinsipp som skal vere styrande for dei temaområda som skal rullerast i planarbeidet.

I planprogrammet er det skissert opp viktige tema for konsekvensutgreiing, og desse verkar å vere dekkande for vidare kartlegging.

Hordaland fylkeskommune kjem vidare med innspel som vil være relevant for det vidare planarbeidet.

### Areal og transport

Kommuneplanen er eit sentralt styringsdokument der ein kan leggje til rette for effektiv arealbruk og mindre trøng for transport. Regional transportplan, Regional plan for klima og energi og framlegg til Regional plan for samordna areal og transport i Bergensområdet er relevante for det vidare arbeidet med kommuneplanen.

I arbeidet med arealplanen er det viktig å være strategisk i plasseringa av nye bustad- og næringsområder. Målet må være å hindre ein spreidd busetnad som fører til økt biltrafikk. Det har ikkje vore tradisjon for å bygge tett i Sund kommune tidlegare, og kommunen er i dag prega av mange einebustader i ulike delar av kommunen. Dette stiller store krav til arealplanlegginga i tida framover. Det er positivt at kommunen legg vekt på å sikre større variasjon i bustadtilbodet.

Hordaland fylkeskommune rår Sund kommune om å legge til rette for bustadbygging og arbeidsverksemder langs eksisterande vegsystem og kollektivaksar. Eit best mogleg kollektivtilbod avhenger av fortetting av få utvalte områder. I planprogrammet peiker kommunen på Glæsvær, Spildepollen og Stranda/Kleppe som bygder som skal utviklast og fortettast. I tillegg skal det vurderast nye byggeområder. Vi vil rá kommunen til å være varsam med å spreie bustadområdane. I staden bør utvikling av dei nemnde bygdene vere høgt prioritert. Dette av omsyn til mest mogleg rasjonell trafikkavvikling. Eit bustadområde bør ikkje lenger enn 500 meter frå ein haldeplass dersom kollektivtilboden skal vere eit attraktivt og reelt alternativ til bruk av personbil. Vidare er det viktig å legge til rette for effektiv gang- og sykkeltilkomst til området, og sykkel ved kollektivtilboden.

### Senterstruktur og senterutvikling

Gjennom kommuneplanen ynskjer Sund kommune å ha fokus på utkling av tettstadane og bygdene. Kommunen har valt å ikke ha med areal ved Skogsskiftet, då kommunedelplan for Skogsskiftet er under arbeid.

Den regionale planen for attraktive senter i Hordaland er eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet med senterutviklinga i Sund kommune. Hordaland skal ha attraktive sentre som fremrar god livskvalitet, eit robust næringsliv og miljøvennleg transport. Kommunane skal gjennom kommuneplanarbeid innarbeide ein senterstruktur i samsvar med den regionale planen. Senterstrukturen gjeve i senterplanen er fylkessenter, regionsenter, kommunesenter og eventuelt lokalsenter og nærsenter. Gjennom kommuneplanarbeidet er det også viktig å definere sentrumsutstrekning.

I arbeidet med å definere sentrumsutstrekning ber vi om at det vert teke omsyn til dei lokale forholda på staden. For å leggje til rette for attraktive bygdesamfunn og tettstader der gange og sykling vert attraktivt, må utstrekninga av kjerneområdet ha omsyn til det historiske senteret, dagens situasjon, terreng, knutepunkt og behov for utvikling.

### Handel

Vi minner om retningslinje 4.3 i den regionale planen for attraktive senter. Retningslinja gjev at behovet for areal til handel skal være tema i kommuneplanens arealdel. Vi minner og om retningslinje 4.4 som gjev at handel skal være tema når det vert drøfta nye bustadområde.

### Landskap og friluftsliv

Det er viktig å ha omsyn til landskap og friluftsliv i kommuneplanlegginga. Tema landskap er mangfaldig og kan omfatte både kvardagslandskapet og større natur og landskapsområde. Gjennom kommuneplanen er det viktig at det vert teke omsyn til dei verknadene ny utvikling vil ha for landskapet. Sund kommune har store verdiar knytt til friluftsliv, både i markaområde og ved sjø og strandsone, desse må takast omsyn til i prosessen vidare.

### Strandsone

I arbeidet med kommuneplanen ynskjer Sund kommune å sikre tilgjenge til sjø for allmenta med mellom anna tilrettelegging for småbåtanlegg og naustområde. Vi minnar om at kartlegging av strandsona og fastsetting av funksjonell strandsone gjev grunnlag for lokalt tilpassa bruk og forvaltning av strandsona.

Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å prioritere fellesanlegg for båtplassar framfor nye naustområde. Etablering av fellesanlegg med til dømes båtslipp og fellesnaust gjer det og mogeleg at byggjetiltak som naust kan ligge lenger vekk frå sjøkanten. Vi ber om at kommunen gjer ein vurdering av kva areal som er egna til naust og kva behov kommunen har for nye naustområde. Gjennom kommuneplanen må det vurderast om tidlegare vedtekne område for utbygging i strandsona som ikkje er bygd ut, skal oppretthaldast eller takast ut av kommuneplanen.

### Klima og energi

Vi minnar som Regional plan for klima og energi. Den regionale planen har mål om reduksjon om klimagassutslepp, meir effektiv energibruk og betra tilpassingar til klimaendringane.

### Folkehelse, barn og unge

Hordaland fylkeskommune er positiv til at kommunen vil leggje inn turvegar i plankartet. I det vidare arbeidet legg vi vekt på at arbeidet med kommuneplanen må ha eit tydeleg fokus på arbeidet med folkehelse og barn og unges interesser. Det er viktig å sikre god medverknad frå ulike grupper. For å sikre barn og unges interesser i kommuneplanen ber vi om at det vert sikra føresegner som sikrar rekkjefølgje for etablering av grønstruktur, og føresegner som sikrar kvalitet i areala for born og unge.

### Næring

I planprogrammet vert det skildra fleire område der det kan vere aktuelt å utvide eksisterande næringsområde, og nokre område som kan vere aktuelle som nye næringsområde. Planprogrammet nemner i same avsnitt arbeidet med «Interkommunal næringsarealplan region vest», som var eit samarbeid med kommunane Askøy, Fjell og Øygarden. Dette arbeidet har i følgje kommunen stoppa opp. Sett i lys av den nær føreståande kommunesamanslåinga mellom Fjell, Øygarden og Sund, er det å sjå på ein felles strategi for næringsareal i den framtidige kommunen. Ein slik felles strategi kan bidra til prioriteringar av dei best eigna områda for næringsføremål, noko som igjen kan bidra til at meir urørte område vert spart.

### Akvakultur

Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre dei langsiktige arealbehova i fiskeri- og havbruksnæringane. Det er positivt at kommunen gjennom arealplanlegginga ynskjer å leggje til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafor akvakulturnæringa. Særleg sentralt i høve til planlegging av sjøareal tilknytt akvakultur er PBL § 11-7 pkt. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, § 11.11 pkt. 3 Bruk og vern av vassflate, vassøyle og botn og pkt 7 Kva artsgrupper eller artar av akvakultur som einskild eller i kombinasjon kan etablerast.

Akvakulturverksemdu vert regulert under akvakulturlova gjeldane frå 01.januar 2006. I høve til planlegging etter PBL er det særleg akvakulturlova § 15 som er sentral, løyve til akvakultur kan ikkje gjevest i strid med vedteken arealplan etter plan- og bygningslova.

Arealplanen bør tilpassast akvakulturnæringa sine noverande og framtidige behov. Rullering av sjødelen av planen bør gjerast i dialog med alle partar dette vedkjem, og særleg med næringa, offentlege etatar og i lag med nabokommunar som grensar til dei same sjøområda.

Gjennom Fiskeridirektoratet sitt elektroniske kartverktøy finn ein geografisk informasjon om alle godkjente akvakulturlokalisator. Kartløysinga legg også til rette for nedlasting av temadata innan akvakultur (sosi- eller shapeformat) <http://kart.fiskeridir.no/adaptive/>

I dag er det registrert 6 lokalitetar i sjø, to slakterier, eit settefiskanlegg og eit skjelanlegg i Sund kommune. Hordaland fylkeskommune er kjend med at det er aktørar som er på jakt etter areal på land for oppdrett av laks og aure.

Det er viktig at kommunen planlegg områda for akvakultur store nok slik at ein tek høgd for næringsutvikling både med omsyn til omstrukturering av lokalitetane og moglegheit for ny teknologi og nye arter. I den vidare planprosessen oppmodar vi kommunen om å kontakte akvakulturnæringa for å få innspel om næringa sin trond for sjøareal i framtida.

Hordaland Fylkeskommune meiner og at kommunen bør ta høgde for nye områder, ny teknologi og nye arter innan akvakultur. Kommunen bør derfor vurdere grundig om det er naudsynt å fjerne område avsett til akvakultur i kommuneplanen.

Det er særstakt viktig at kommunen planlegg godt slik at ein ikkje får trond for dispensasjonar etter kort tid. Blir områda for små kan dette vanskeleg gjere anleggs- og fortøyingsutskifting innanfor arealplanen, og ein vil kunne få søknad om dispensasjon frå planen ved mindre endringar på lokaliteten. Dette vil vera uheldig i tilfelle der verksemder vil skifta ut eldre anlegg med nyare og til dømes meir rømmingssikre installasjonar. Hordaland Fylkeskommune er kjend med at til dømes Kvinnherad kommune har kome med forslag til korleis områda til akvakultur vert teikna i kartet (sjå figur). I deira planer har det avsett akvakultur (A), og akvakultur, friluft og ferdsle (VKA) samt Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone der naudsynte fortøyinger av anlegg for akvakultur er tillate.

Lokalitetane har i hovudsak fått ei buffer på om lag 160 meter. I tilknyting til akvakulturområda er det også lagt inn større kombinerte formål for friluftsliv, ferdsel og akvakultur som eit fleirbruksformål. Desse gjev akvakulturanlegget moglegheiter til å gjere justeringar og ankring og er i utgangspunktet lagt som ein buffer utanfor akvakulturformåla,. Områda er arronderte med omsyn på andre interesser som til dømes friluftsliv, sjøtrafikk, fiske og kulturminne.



Utsnittet viser planframlegget der akvakulturformålet (rosa) er justerte rundt faktisk lokalitet og konserjon. Utanfor akvakulturformålet er det også lagt inn eit fleirbruksformål slik at det kan vere mogeleg å gjere justeringar og ankring.

Fortøyingane til akvakulturanlegga ligg i dei fleste tilfella utafor området av sett til akvakultur. Føresegne bør supplerast med at det er høve til å leggje fortøyinger og forankringar i fleirbruksområde utafor området avsett til akvakultur. Det er viktig at føresegne vert utforma på ein slik måte at til dømes utlegging av nye fortøyinger frå eksisterande oppdrettsanlegg med ei anna plassering enn tidlegare kan handsamast etter akvakulturregelverket utan ei kommunal dispensasjonshandsaming i forkant. I fleire vedtekne arealplanar er det teken høge for dette i føresegne. Til dømes slik:

"**6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE, PBL § 11-7 NR. 6**

*Bruk og vern av sjø og vassdrag, fleirbruksområde*

*6.1 Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdslle og fiske, jf. pbl § 11-7 nr. 6.*

*6.2 Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdslle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaiarlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett.*

*Heimel: Pbl § 11-11 nr. 3."*

Nokre kommunar ynskjer å ha fleksibilitet i sjøområda, til dømes for akvakultur. Her er det anten brukt kombinerte føremål, med akvakultur, over store delar av sjøareaala, eller det er ikkje sett avgrensingar for kva som er tillate i føresegne til hovudføremålet. Dersom akvakultur vert utelukka i denne kategorien i planen kan det bli naudsynt med dispensasjonar dersom næring ønskjer å etablere seg eller skal gjere endringar på eksisterande anlegg.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Kulturminne og kulturmiljø er samfunnet sine felles verdiar. Dei er unike og uerstattelege ressursar til kunnskap, oppleveling og bruk. Ei berekraftig forvalting av landskap og kulturminne og ei god formidling av kulturarven vil sikre at kulturarven kan vere ein ressurs både for nolevande og framtidige generasjonar i Hordaland. Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Sund kommune må slik ha prosessar som integrerer kulturminne i sine lokale politiske prosessar.

Sund kommune har utarbeidd ein kulturminneplan som kommunen eit betre oversyn over kulturminne og kulturmiljø, både dei som er freda og dei som er viktige lokalt. Dette er igjen naudsynt i forvaltinga av plan- og bygningslova, og ein viktig reiskap for å prioritere kva kulturminne og kulturmiljø som kan framhevest i lokal samfunnsutvikling innan reiseliv, utdanning, friluftsliv, folkehelse, utvikling av attraktive tettstader og identitetsskaping i kommunen.

#### Planprogrammet

Kulturminne og kulturmiljø er ikkje nemnt som eit eige tema i planprogrammet, men er nemnt under punkt 4.5, «Andre tema». Det er her positivt at ein siktar mot å gjere kulturminneplanen til ein integrert del av dei overordna planane i kommunen, og at ein tek med seg vurderingane i kulturminneplanen i arbeidet med rulleringa av arealplanen.

Under «**Planer og utgreiingar som ligger til grunn for planen**», punkt 1.6.1 «**Nasjonale føringer**», bør ein i tillegg til dei nemnte punkta også ha med Meld.St. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste, som vidarefører St. meld. Nr. 16 – Leve med kulturminne.

Fleire av dei aktuelle områda for næringsføremål som er nemnde i planprogrammet er område med høg førekost av automatisk freda kulturminne i form av steinalderlokalitetar. På verdsbasis er dagens strandlinjer berre rundt 6000 år gamle, medan strandlinene til dømes i Sund kommune er 11-12 000 år gamle. Dei opphavleg strandbundne steinalderbuplassane som det finst spor etter i Sund er difor svært viktige som kulturminne. Som kystfylke i Noreg har Hordaland eit internasjonalt ansvar når det gjeld å verna steinalderbuplassar for framtida, etter som tilsvarande buplassar elles i verda ligg under dagens havnivå grunna ulik landheving etter istida.

Strukturar som viser tilknytinga til havet i meir moderne tid er også viktige kulturminne. Naust, sjøbuer og andre kulturminne som ligg i strandsona er i dag under press. Dette er kulturminne og -miljø som er særskilt

viktige for å forstå den historiske utviklinga i denne regionen. Ein må sikre at desse kulturminna blir ivaretatt for ettertida.

I tabell 3 i planprogrammet er Kulturminne og kulturmiljø ført opp som eitt av temaene som skal konsekvensutgreiast i den vidare prosessen. Under «nøkkelord» er «tap av kulturminne» ført opp som einaste punkt. Det er ikkje berre direkte inngrep som er ulovleg med tanke på automatisk freda kulturminne, men også utilbørleg skjemming. Tiltak kan også medføre positiv innverknad på kulturminne og kulturmiljø. Vi ber om at ordlyden i tabellen vert endra. I den same tabellen er det ikkje ført opp kjend kunnskap om kulturminne og kulturmiljø. Viktige kjelder som må førast inn i tabellen er til dømes kulturminneplanen for Sund kommune, Askeladden, Sefrak-registrert, Kulturminnesøk, og bygdebøker. Vi ber også om at setninga i rubrikken «Behov for utgreiingar/metode» vert fullført.

I konsekvensutgreiinga må kulturminna skildrast, og konfliktgraden mellom byggområde og kulturminne, både freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid, avklarast. I område med nye arealføremål må det også gjerast ei vurdering av potensiale for funn av ukjende automatisk freda kulturminne. Mangelfull konsekvensutgreiing, eller føresegner som ikkje ivaretok viktige kulturminneinteresser eller tek høgde for undersøkingsplikta (jf. kulturminnelova § 9), er grunnlag for motsegn frå Hordaland fylkeskommune som kulturminnemynde.

Det er ei stor føremon at planproduktet, særleg arealplankartet, føresegner og retningsliner, er ryddige slik at ein unngår konflikt med kulturminneinteressene. Nye byggeområde og LNF-område der spreidd utbygging er tillate, kan ikkje vere i konflikt med freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne med regional eller nasjonal verdi, og er motsegnsgrunnlag frå kulturminnemynde.

Planprogrammet har også vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Dei uttaler at Sund er ein kystkommune og utvikling av kystområda til akvakultur, småbåtanlegg og anna vil medføre inngrep i sjøbotn. Bergens Sjøfartsmuseum vil på generelt grunnlag presisere at det må takast omsyn til kulturminne under vatn i planlegginga, og at reguleringsplanar kommuneplanen vil ligge til grunn for vert oversend museet på høyring på vanleg måte jfr. kulturminnelova § 9. Bergens Sjøfartsmuseum har elles ingen merknader til planprogrammet.

## Oppsummering

Hordaland fylkeskommune har gjeve innspel til det vidare arbeidet og ber om at dette vert teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi ynskjer Sund kommune lukke til med det planarbeidet. Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

Vi deltek gjerne i vidare samarbeid, mellom anna kan regionalt planforum nyttast til drøfting av planutkast før offentleg høyring.

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planeksjonen, Regionalavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplaneksjonen, Samferdselsavdelinga

Ambjørg Reinsnos, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Endre Sten Nilsen, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

David Sandved, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Trond Olav Wahl, Seksjon for kultur og naturressursforvaltning, Regionalavdelinga

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest

Fylkesmannen i Hordaland